



DET KONGELEGE
KULTURDEPARTEMENT

Prop. 18 L

(2012–2013)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i film- og videogramlova (filmkontrollgebyret)

*Tilråding frå Kulturdepartementet 9. november 2012,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Bakgrunn og hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen gjer Kulturdepartementet framlegg om lovendringar som er naudsynte for å gjennomføre framlegget i Prop. 1 S (2012-2013) Kulturdepartementet, s. 178:

”Post 74 Avgift – forhåndskontroll av film for visning

Det foreslås å erstatte gebyret for forhåndskontroll av film med en ny avgift med samme formål. Avgiften skal finansiere Medietilsynets utgifter knyttet til forhåndskontroll av film. Dagens gebyrordning er tilpasset analog film-distribusjon, i den forstand at store deler av gebyrinntektene har vært knyttet til klarering av distribusjonskopier av kinofilmer. Digitaliseringen av kinoene har nå ført til et bortfall av distribusjonskopier og dermed en betydelig nedgang i gebyrinntekter til Medietilsynet. Full kostnadsdekning gjennom dagens gebyrordning vil kreve en mangedobling av grunngebyret, noe som trolig vil få negative konsekvenser for filmimporten og bredden i kinotilbudet. I et system med analog filmdistribusjon innebar dagens gebyrordning at populære filmer med bred distribusjon dekket en relativt sett større andel av kostnadene knyttet til for-

håndskontrollen enn de ”smalere” filmene. Kulturdepartementet legger til grunn et tilsvarende prinsipp i forslaget til avgift på forhåndskontroll av film for visning, jf. forslag til vedtak II. Omleggingen krever lovendring. Kulturdepartementet vil legge fram en proposisjon for Stortinget i løpet av høsten.”

Kulturdepartementet sendte 19. oktober 2012 ut eit framlegg til lov- og forskriftsendringar på høyring til:

Actionfilm
Arthaus - stiftelsen for filmkunst
Euforia Film
Europafilm AS
Fidalgo
Green Chilli Entertainment
Kudos Family
Nordisk Film Distribution AS
Norsk Filmdistribusjon AS
Norske Filmbyråers Forening
Scanbox Entertainment Norway AS
SF Norge AS
Storytelling Media
Tour de Force
Twentieth Century Fox Norway
United International Pictures AS
VN Music Dreams
Walt Disney Studios Motion Pictures Norway

Seinare vart utkastet også sendt til:
Film og Kino
Norske Kinosjefers Forbund
Norsk kinoforbund
Alle norske kinoer

Det vart heldt eit informasjons- og høyringsmøte om saka i Kulturdepartementet 2. november 2012.

Ingen av høyringsinstansane har innvendingar til den lovtekniske gjennomføringa av forslaget i Prop. 1 L (2012-2013). Eit stort fleirtal av høyringsinstansane er likevel kritiske til budsjettframlegget om å erstatte gjeldande filmkontrollgebyr med ei ny sektoravgift.

2 Departementets vurderingar

For å gjennomføre forslaget i Prop. 1 S (2012-213) om å erstatte dagens gebyr for førehandskontroll av film med ei sektoravgift med same føremål, er det naudsynt med ei endring i film- og videogram-

lova § 4 fjerde og femte ledd. Konkret er det tale om å erstatte omgrepet ”gebyr” med ”avgift”. I tillegg vert det presisert at avgiftssatsane skal fastsetjast av Stortinget.

3 Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget følger opp budsjettframlegget i Prop. 1 S (2012-2013) *Kulturdepartementet*, og vil i seg sjølv ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

Kulturdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i film- og videogramlova (filmkontrollgebyret).

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bede om å gjere vedtak til lov om endringar i film- og videogramlova (filmkontrollgebyret) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til lov om endringar i film- og videogramlova (filmkontrollgebyret)

I

I lov 15. mai 1987 nr. 21 om film og videogram skal § 4 fjerde og femte ledd lyde:

Den som vil ha ein film eller eit videogram vurdert av Medietilsynet, skal betale *ei avgift* som blir fastsett av *Stortinget*.

Departementet kan i forskrift gi nærmare reglar om førehandskontroll, registreringsplikt og betaling av *avgift*.

II

Lova gjeld frå den tid Kongen fastset.